

# Møteprotokoll

**Utval:** Jostedalsbreen nasjonalparkstyre  
**Møtestad:** Sogndal Lodge, Sogndal  
**Dato:** 02.12.2016  
**Tidspunkt:** 10:00 – 14:00

## Følgjande faste medlemmar møtte:

Namn	Funksjon
Einar Målsnes	Medlem
Oddmund Klakegg	Medlem
Ivar Kvalen	leiar
Karen Marie Hjelmeseter	Medlem
Venke Kollbotn	Medlem

## Følgjande medlemmar meldte forfall:

Namn	Funksjon
Eline Orheim	MEDL
Sven Flo	nestleiar
Marius Dalin	MEDL

## Følgjande varamedlemmar møtte:

Namn	Møtte for
Turid Vallestad	Marius Dalin
Jarle Aarvoll	Eline Orheim
Kari Synnøve Muri	Sven Flo

## Merknader

Einar Målsnes og Karen Marie Hjelmeseter kom seint, og Oddmund Klakegg måtte gå tidleg. Styret var vedtaksføre under heile møtet.

## Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Maria Knagenhjelm	Nasjonalparkforvaltar
Anne Rudsengen	Statens naturoppsyn

## Underskrift:

Vi stadfestar med underskriftene våre at det som er ført på dei sidene vi har signert i møteboka, er i samsvar med det som vart vedteke på møtet.

\_\_\_\_\_ Ivar Kvalen \_\_\_\_\_ Turid Vallestad \_\_\_\_\_

## Saksliste

Utvals- saksnr	Innhald	Lukka	Arkiv- saksnr
ST 44/16	Val av eitt styremedlem til å skrive under protokoll		
ST 45/16	Godkjenning av innkalling og dagsorden Orienterings- og drøftingssakar		
ST 46/16	Jostedalsbreen nasjonalpark - løyve til motorisert ferdsle for hydrologiske undersøkingar 2017 - 2020 - NVE		2011/4628
ST 47/16	Jostedalsbreen nasjonalpark - prosjekt utmarksparkering for vinterfriluftsliv - Jølster kommune		2016/4073
ST 48/16	Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - drift av styret og årsplan for 2017		2014/42
ST 49/16	Jostedalsbreen nasjonalpark - vedtak om oppstart av arbeid med besøksstrategi		2016/4095
ST 50/16	Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - tiltaksplan og bestilling av tenester frå SNO for 2017		2016/4136
ST 51/16	Eventuelt		
ST 52/16	Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - klagesak - ny DNT-hytte på Sunndalssetra		

### Orienterings- og drøftingssaker:

- Oppsummering av nasjonalparkkonferansen i Trondhjem 8.-9. nov.  
<http://www.miljodirektoratet.no/no/Nyheter/Arrangementer/Nasjonalparkkonferansen-2016/>
- Brev frå Miljødirektoratet om delegering av mynde til nasjonalparkstyret for retting, m.m.
- Ny vegleiar frå Miljødirektoratet: Oppfølging av ulovlige tiltak i verneområder
- Referat frå møte i Stardalen om uløyvde tiltak
- Utsett klagefrist gangveg i Briksdalen: synfaring den 8. desember, ny og utsett klagefrist går ut den 14. desember.
- SNO årsrapport
- Miljøerstatningssakar- status, SNO

## **ST 44/16 Godkjenning av innkalling og dagsorden**

### **Saksprotokoll i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - 02.12.2016**

#### **Handsaming i møte**

Ingen merknadar til innkalling. Rekkefølga på sakane vart noko endra, då styret ønskja flest mogeleg til stades under handsaminga av dei viktigaste sakane.

Oddmund Klakegg erklærte seg inhabil i saka som gjaldt utmarksparkering i Jølster kommune.

## **ST 45/16 Val av eitt styremedlem til å skrive under protokoll**

### **Saksprotokoll i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - 02.12.2016**

#### **Handsaming i møte**

Ivar Kvalen foreslo Turid Vallestad til å underskrive protokollen i lag med styreleiar.

#### **Vedtak**

Turid Vallestad vart valt til å skrive under protokollen frå dette møtet i lag med styreleiar. Samrøystes vedteke.

## **ST 46/16 Jostedalsbreen nasjonalpark - løyve til motorisert ferdsle for hydrologiske undersøkingar 2017 - 2020 - NVE**

### **Saksprotokoll i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - 02.12.2016**

#### **Handsaming i møte**

Ingen merknadar. Samrøystes vedteke.

#### **Vedtak**

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre gjev, med heimel i punkt 4.3, tredje strekpunkt, i verneforskrifta, løyve til NVE v/ Bjarne Kjøllmoen for løyve til å nytte helikopter og snøscooter i avgrensa omfang, for å utføre feltarbeid i samband med oppdragsrelaterte og forskningsmessige hydrologiske undersøkingar, i perioden 2017-2020.

Løyvet gjeld på følgjande vilkår:

- Løyvet gjeld bruk av snøscooter, samt flyging med helikopter lågare enn 300 m over bakken, og landing på og ved Austdalsbreen, Baklibreen og Brimkjelen, i samband med NVE sine forskingsoppgåver.
- Motorferdsle avgrensar seg til det som er strengt naudsynt for å gjennomføre dei konsesjonspålagde forskingsoppgåvene på ein tilfredstillande måte, medrekna pårekneleg stell og vedlikehald av materiellet. Arbeidet skal planleggjast og samordnast slik at trongen for motortransport vert minst mogleg.
- I den grad det let seg gjere, skal køyringa avgrense seg til tider og trasear der det skapar minst mogleg uro, og slik at faren for terrengskade vert minst mogleg.

Ved bruk av snøskuter skal ein så langt som mogleg følgje same rute slik at synlege snøskutersport dekkjer minst mogleg areal.

- Motorferdsel så langt som rå er vert unngått i helgane (fredag ettermiddag – søndag kveld) og i fellesferien i juli. Dispensasjonane for motorferdsel gjeld ikkje dei store utfartsdagane i mai og juni (kring 1. mai, 17.mai, Kr. Himmelfartsdag og pinse).
- NVE skal rydde opp etter eigne aktivitetar, slik at det ikkje ligg avfall, emballasje eller anna att i terrenget. Dersom målestasjonar etc. blir tekne ned, skal plassen ryddast for det som måtte vere att av restar.
- Det vert gjeve skriftleg eller munnleg melding til Statens naturoppsyn Jostedalsbreen v/Anne Rudsengen eller sekretariatet for nasjonalparken (underteikna) seinast dagen før utreise, som kan utsette den motoriserte ferdsla dersom det er omsynskrevjande artar i aktivitetsområdet.
- Det vert gjeve skriftleg tilbakemelding til Jostedalsbreen nasjonalparkstyre etter kvar tur, gjerne med generelle observasjonar av dyreliv e.a. frå områda.

## **ST 47/16 Jostedalsbreen nasjonalpark - prosjekt utmarksparkering for vinterfriluftsliv - Jølster kommune**

### **Saksprotokoll i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - 02.12.2016**

#### **Handsaming i møte**

Styret vurderte prosjektet til Jølster som eit veldig godt tiltak, og ville ha lagt det inn i tiltaksplanen dersom det var komme inn til vurdering på eit tidlegare tidspunkt.

#### **Vedtak**

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre støtter prosjektet til Jølster kommune med tilrettelegging av parkeringsplassar og oppsetting av informasjon i populære utfartsområde nær Jostedalsbreen nasjonalpark på vinterstid, med restmidlar frå bestillingsdialogen 2016.

Nasjonalparkstyret har om lag kr 100 000,- til disposisjon, og løyver midlane til Jølster kommune sitt prosjekt, i samsvar med prosjektplanen.

## **ST 48/16 Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - drift av styret og årsplan for 2017**

### **Saksprotokoll i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - 02.12.2016**

#### **Handsaming i møte**

Styret ba forvaltar sende ut framlegg til møtedatoar for våren. Den veka det er planlagt brefestival i Jostedalen, veke 24, er veldig travel for styremedlemmane, dei ønskjer

heller opplegg veka etter. Måndagar er definitivt den beste møtedagen for dei fleste. Alternativ møtestad i februar/mars er Gloppen, dersom nasjonalparksenteret er vinterstengt.

### **Vedtak**

Nasjonalparkstyret skal møte jamnleg i 2017 for å arbeide vidare med forvaltningsplanen, besøksstrategien og gjere vedtak i dispensasjonssaker.

Styret kan sikte på følgjande årshjul:

Feb./Mars:	Styremøte	Oppstryn/Nasjonalp.senter
April/Mai:	Styremøte	
Juni:	Styremøte med overnatting/synfaring	Jostedal/Breheimsenteret
Sept:	Styremøte med overnatting/synfaring?	
Okt:	Styremøte/dialogmøte med FRU	Stardalen
Nov./Des:	Styremøte	Sogndal

Fleire møte er avhengig av om viktige, store hastesaker dukkar opp som treng heile styret sin vurdering. Dersom det ikkje er saker til dei planlagde styremøta kan eit møte ev avlysast/utsettast.

Forvaltar la fram framlegg til driftsbudsjett under styremøtet. Forvaltar fekk også mynde til å gjere ev justeringar i samråd med Fylkesmannen, jf. brevet frå Miljødirektoratet. Søknaden om midlar skal være sendt innan fristen 9. januar.

## **ST 49/16 Jostedalsbreen nasjonalpark - vedtak om oppstart av arbeid med besøksstrategi**

### **Saksprotokoll i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - 02.12.2016**

#### **Handsaming i møte**

Styret ønskja at forvaltar prioriterer arbeidet med forvaltningsplanen, men at dette kan gå føre seg parallelt så lenge kapasiteten til sekretariatet tillater det. Samrøystes vedteke.

#### **Vedtak**

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre vedtek å starte opp arbeidet med ein besøksstrategi for nasjonalparken. Nasjonalparkforvaltaren skal lage ein prosjektplan til neste styremøte.

## **ST 50/16 Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - tiltaksplan og bestilling av tenester frå SNO for 2017**

### **Saksprotokoll i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - 02.12.2016**

#### **Handsaming i møte**

Tiltaksplanen: Styret ønskja å stryke punktet i dei innkomne forslaga om asfaltering av vegen til Bødalsseter. Styret var usikre på om kunstprosjektet «Jeg går en tur med kua» er innanfor det eit nasjonalparkstyre skal gje midlar til, men vart einige om å la det stå på tiltaksplanen, og heller vurdere prosjektet på nytt ved endeleg prioritering av tiltaksmidlane i februar/mars. Styret ønskjer fokus på fjerning av gran i verneområdet, og legg inn i tiltaksplanen for neste år å lage ein plan for å få meir kunnskap om utbreiing og kostnader knytt til fjerning.

Bestilling av tenester frå SNO: Nasjonalparkstyret gav SNO-Jostedalsbreen gode tilbakemeldingar på arbeidet ho gjer i nasjonalparken, og ønskjer også neste år at SNO er like aktivt til stades, t.d. på styremøte. SNO fortalte at det vil bli meir fokus på kontroll og mindre på naturvegleiing framover, jf. signal frå regjeringa.

### **Vedtak**

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre gjer vedtak om følgjande tiltaksplan og bestilling av tenester frå SNO: SJÅ VEDLEGG

## **ST 51/16 Eventuelt**

### **Saksprotokoll i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - 02.12.2016**

#### **Handsaming i møte**

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre ønskjer at forvaltar går gjennom forvaltningsplanen på neste møte.

## **ST 52/16 Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - klagesak - ny DNT-hytte på Sunndalssetra**

### **Saksprotokoll i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - 02.12.2016**

#### **Handsaming i møte**

Nytt forslag til vedtak frå styremedlem Venke Kollbotn, Gloppen kommune:

Etter ei samla vurdering av innkomne klager på Jostedalsbreen nasjonalparkstyre sitt vedtak i sak 40/16 om å gje løyve til å byggje ei ny DNT-hytte på Sunndalssetra, tek Jostedalsbreen nasjonalparkstyre klagen til følgje og avslår søknaden frå DNT Oslo og omegn om å bygge ei ny sjølvbeteningshytte med inntil 12 sengeplassar og tilhøyrande uthus på Sunndalssetra.

Forslaget fall med sju mot ein stemme.

### **Vedtak**

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre har vurdert dei innkomne klagane, og meiner at klagarane ikkje har komme med ny informasjon i saka.

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre står dermed fast på sitt tidlegare vedtak om å gje løyve til DNT-Oslo og omegn turistforening for bygging av ei ny sjølvbetjeningshytte med tilbygg på Sunndalssetra. Sju mot ein stemme (Venke Kollbotn).